

RETNINGSLINJER FOR BESØK I SJUKEHEIM

Fram til alle bebuarane er ferdig vaksinert med to doser, anmodar vi deg om å avgrense besøk på sjukeheimane våre. To veker etter at alle er ferdig vaksinert, lettar vi på besøksrestriksjonane og følgjer dei nye, nasjonale reglane. Dei nye besøksreglar gjeld frå 8. mars.

Før besøket

- Du treng ikkje å avtale besøket ditt i forkant, men kontakt personalet når du kjem slik at du blir registrert
- Du må vere heilt frisk, og du skal ikkje ha vore i utlandet dei siste 10 dagane
- Personalet vil gjennomgå smittevern- og besøksrutiner med deg
- Du utfører handhygiene

Under besøket

- Det er inga avgrensing på besøkstida
- Berre to personar kan vere på besøk samtidig
- Dersom både du og den du besøker er vaksinert, kan de ha fysisk kontakt. Vaksinerte bebuarar kan og ha nærkontakt med eit avgrensa tall på personar som ikkje er vaksinert (men det må vere dei same personane over tid)
- Bebuarane kan ta imot gåver og blomster
- Ingen servering frå sjukeheimen sitt kjøkken
- Du kan ha med mat og drikke. Bruk eingongsutstyr
- Besøk skal gjennomførast på bebuar sitt rom

Er du i karantene eller har luftvegssymptom?

Då kan du berre unntaksvis komme på besøk. Det er kun ved kritisk sjukdom eller i livets slutfase - og da gjeld eigne reglar.

Permisjon

Bebuarar kan dra på kortare permisjonar som biltur og besøk til heimen, men ein bør unngå stader med mange menneske som kjøpesenter, kafé, butikk osv. Ha fokus på smittevern, god handhygiene, forsøk å halde 1 m avstand og unngå tett andlet-til-andlet-kontakt så langt som råd. Dei bebuarane som skal på permisjon, kan ikkje ha luftvegssymptom. Me tilrår at bebuarar ikkje deltek i samankomstar utanfor sjukeheim der det er mange deltakarar. Einingsleiar og kommuneoverlegen kan vurdere om unntak kan gjerast.